



Tore Storhaug på Sandvoll minnar om at han som oppdrettar (Kennel Svart Hunden) starta med hund frå

Uskedalen. Han siktar då til den no 12 år gamle Simba som framleis er frisk og rask-

Simba kjem frå Svein Ottar Rørheim og er ein av dei mest vinnande hundane i landet i dag. To gonger har han vunne vinnar-utstillinga i Vikingskipet på Hamar og er i dag både jakt- og internaasjonal utstillingschampion.

Simba er oldefar til dei to beste hundane på utstillinga i Uskedalen sist helg, Svart Hundens Castor frå Åkra og Svart Hundens Frøya frå Nedstrand.

Storhaug peikar på at det viktigaste med svarthunden er at han fungerer på jakt. På bildet over er Simba saman med Vilde Anfinsen, Han er utruleg barnevennleg, understrekar Storhaug.

Av Ola Matti Mathisen